

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	HistSak - 13/1727	14/581

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
12/2014	Kommunestyret	PS	19.02.2014

## Kommunalteknisk VA norm

### Vedlegg:

KS - vedlegg VA Norm sluttutgåve.doc (L)(298609)

### Saksopplysninger:

#### Bakgrunn

I oversikta over planar og utgreiingar ved Plan, utbygging og kommunalteknikk, er det m.a. lista opp kva for normer kommunen treng innan teknisk sektor. Ei VA-norm har vore lenge etterlengta, og då DIHVA IKS starta arbeidet med ei slik norm for medlemskommunane nytta administrasjonen høvet til å vere med på samarbeidet. VA-norma er no ferdig, utarbeidd i tett samarbeid mellom teknisk fagpersonale i deltakarkommunane og fagekspertise i DIHVA. I tillegg til sjølve norma, datert 23.10.2013, er det ei rekke vedlegg med tekniske spesifikasjoner.

VA-norma er basert på mal frå Norsk Vann, men tilpassa kommunane lokalt. Den skal gjelde for kommunane Askøy, Austrheim, Austevoll, Fjell, Lindås, Os, Radøy, Sund og Øygarden i tillegg til Meland.

### Vurdering

Ei VA-norm som er vedteken i kommunestyret, legg føringar for korleis dei kommunaltekniske anlegga skal løysast i kommunen. Den gjeld både for anlegg som kommunen sjølv byggjer ut, og for anlegg som kommunen skal overta for drift frå private utbyggjararar i nye byggeområde i tråd med plan- og bygningslova § 18-1.

Nye anlegg må ha ein slik kvalitet at nødvendig levetid blir sikra, alt frå 20 – 40 år for pumpestasjonar / reinseanlegg til meir enn 100 år for leidningsanlegg. Norma skal sikre at nye anlegg fyller tilstrekkelege kvalitetskrav. Norma skal også sikre at krava til helse, miljø og tryggleik for driftspersonalet er ivareteke.

Den juridiske heimelen for å sette desse krava til nye kommunaltekniske anlegg og eksisterande VA-anlegg som kommunen skal overta, ligg i kommunen si rolle som anleggseigar. Den vil m.a. bli lagt til grunn for utbyggingsavtalar, og skal inngå i føresegne til kommuneplanen.

**Rådmannen - framlegg til vedtak:**

"Kommunestyret i Meland godkjenner Kommunalteknisk VA-norm, datert 23.10.2013. Norma skal gjelde for kommunale VA-anlegg som kommunen overtek for kommunal drift frå private utbyggjarar.

Rådmannen får fullmakt til å gjere oppdateringar av teknisk karakter/tekniske spesifikasjonar når det er nødvendig."

**21.01.2014 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

"Kommunestyret i Meland godkjenner Kommunalteknisk VA-norm, datert 23.10.2013. Norma skal gjelde for kommunale VA-anlegg som kommunen overtek for kommunal drift frå private utbyggjarar.

Rådmannen får fullmakt til å gjere oppdateringar av teknisk karakter/tekniske spesifikasjonar når det er nødvendig."

**Kommunestyret - 12/2014**

**KS – samrøystes vedtak:**

"Kommunestyret i Meland godkjenner Kommunalteknisk VA-norm, datert 23.10.2013. Norma skal gjelde for kommunale VA-anlegg som kommunen overtek for kommunal drift frå private utbyggjarar.

Rådmannen får fullmakt til å gjere oppdateringar av teknisk karakter/tekniske spesifikasjonar når det er nødvendig."